



Elisabeth Synnøve Lohne Tverfjell  
Mykingvegen 773  
5913 Eikangervåg

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/7721 - 23/77425

Saksbehandlar:  
Roba Alserhan  
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:  
05.10.2023

## Fritak frå kravet om gjødselplan GBNR 29/5 Hauge

**Administrativt vedtak: Saknr: 1038/23**

### **VEDTAK:**

**Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging foretaket Elisabeth Synnøve Lohne Tverfjell dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 15.10.2028 for gbnr 29/5 då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad**

### **Saka gjeld:**

Foretaket **Elisabeth Synnøve Lohne Tverfjell** har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr **29/5**. Dagens driftsomfang er **10** vinterfora sau. Søkjer eig 14,1 fulldyrka mark, 3 daa overflatedyrka mark og 11,7 innmarksbeite. Søkjar leiger også 6,1 daa overflatedyrka mark. Inneforing er på 3 månader og gjødselmengde er 4,5 m<sup>3</sup> som blir kompostert og spreidd på jordbruksareal.

Driftsformen er utgangardrift. Dyra går 40 veker på innmarksbeite og 12 veker på utmarksbeite. Det er ikkje oppsamling av husdyrgjødsel når dyra går ute. Søkjar brukar ikkje kunstgjødsel.

GDE = 0

### **VURDERING:**

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket er lite, har få gjødseldyreininger (GDE =0), og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

### **Regelverk**

Forskrift om gjødselplanlegging.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 23/7721 »

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Roba Alserhan  
Rådgevar Landbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Elisabeth Synnøve Lohne Tverfjell

Mykingvegen 773

5913

Eikangervåg